



**Budsjett 2022 med handlings - og økonomiplan 2022-2025 -
slutthandsaming**

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
003/21	Arbeidsmiljøutvalet	18.11.2021
005/21	Administrasjonsutvalet	18.11.2021
097/21	Formannskapet	18.11.2021
095/21	Kommunestyret	09.12.2021

Behandling i Kommunestyret 09.12.2021

Endringsframlegg frå Gulen SP av Rolf -Daniel Midtun :
Gulen Sp foreslår å fjerne innsparing "Driftsomlegging Dalsøyra bhg". Inndekking gjennom reduksjon i fylgjande nye tiltak over drift: "Tilskot samf. nyttig infrastruktur Furnes".

Endringsframlegg frå Gulen Høgre av Ivar Eide :

1) Kommunestyre støttar ikkje administrasjonen sitt framlegg til driftsomlegging barnehagen Dalsøyra/Hovden.

2) Investeringar : 4400 Prosjektet symjeanlegg vert flytta fram til 2022 med 1 million og 40 og 3 9 mill i -23 og -24. (I samsvar med K.sak 61/21)

3) Investeringar : Satsingar : 22 . Samfunnsnyttig infrastruktur Furnes, 2 millionar, vert flytta frå 2022 til 2023.

4) Investeringar : 4340 Solskjerming Byrkn es Barnehage (137 500, -) vert flytta frå 2023 til 2022 budsjettet.
Finansiert med låneopptak.

5) Investeringar : 23 Prestegardsmuren (300 000, -) vert flytta frå 2022 til 2023 budsjettet.

6) Administrasjonen legg inn ei ny sak på neste kommunestyremøte : " Tiltak for lokalt næringsliv ". Innspel til tiltak frå kommunestyregruppene .

Endringsframlegg frå Gulen AP føreslått av Odd Harald Per Eide :
Byggekostnadene har auka betydeleg det siste året. Under punkt om etableringstilskot foreslår Gulen AP å auke satsane:
Sats for etableringstilskot i 2022 vert sett til kr 60.000. For utleigeining kr 30 .000.

Utanfor byggefelt kr 120.000.

Auke i etableringstilskot vert finansiert over ubunde fond .

Tilleggspunkt og presisering frå administrasjone n:

Nytt punkt: Langsiktige finansielle aktiva etter kap. 4 i finansreglementet vert sett til kr 10 mill.

Presisering til §: Pkt. 6. Med heimel i kommunelova § 14.4 vert låneopptak i 2022 på kr 15,836 mill. til investeringar godkjent. Opptak av lån til startlån frå Husbanken vert på inntil kr 2 mill.

Handsaming og røysting

Tre vedlegg er tilført budsjettsaka etter handsaming i formannskapet og før utsending til kommunestyre. Det er innspel frå Eidsbotn Vel, Samarbeidsutvalet Byrknes og Foreld rerådet ved Byrknes barnehage.

Innkomne merknader til budsjettsaka etter utsending er tilført saka:

Uttale frå Fagforbundet

Uttale frå Reknes Byggjevare L.L.

Uttale frå føresette i Hovden og Dalsøyra barnehage

Uttale frå Utdanningsforbundet

Uttale frå Gulen og Masfjorden Næringsråd

Uttale frå Dalsøyra FAU

Munnleg uttale frå Ungdomsrådet v/Vegard Tveit og Ådne Hansen Wilberg.

Uttalen vert registrert i budsjettsaka i kommunen stt sak/arkivsystem.

Ap ber om gruppemøte.

Røysting

Det vart først røysta over endringsframlegg frå Gulen Sp: Framlegger vart vedteke mot 6 røyster (U v/ Stein -Inge Laren, Krf v/Ingolf Wergeland, H v/Ivar Eide, Kristin Kvamme Rasch, Kristin Mjanger, Øyvind Bøe)

Det vart deretter røysta punktvis over endringsframlegget frå Gulen Høgre.

Punkt 1) Kommunestyre støttar ikkje administrasjonen sitt framlegg til driftsomlegging barnehagen Dalsøyra/Hovden - punkt går ut grunna vedteke framlegg frå Sp

Punkt 2) Investeringar : 4400 Prosjektet s ymjeanlegg vert flytta fram til 2022 med 1 million og 40 og 3 9 mill i -23 og -24. (I samsvar med K.sak 61/21) . Framlegget fall mot 13 røyster.

(Sp v/Hallvard Oppedal, Beathe Haugland, Johnny L. Langvatn, Kristin Margrethe Byrknes, Lars Magnus Neverdal, Nils Inge Ynnesdal, Rolf -Daniel Midtun, V v/Aslak Nyhammer, Ap v/Anne Marit Brekken Oppedal, Odd Harald Eide, June Glenjen Omdahl, Inger Sognefest, Krf v/Ingolf Wergeland)

Punkt 3) Investeringar : Satsingar : 22 . Samfunnsnyttig infrastruktur Furnes, 2 millionar, vert flytta frå 2022 til 2023 - punkt går ut grunna vedteke framlegg frå Sp

Punkt 4) Investeringar : 4340 Solskjerming Byrknes Barnehage (137 500, -) vert flytta frå 2023 til 2022 budsjettet.

Finansiert med låneopptak. Framlegget vart samrøyst es vedteke.

Punkt 5) Investeringar : 23 Prestegardsmuren (300 000, -) vert flytta frå 2022 til

2023 budsjettet.

Framlegget fall mot 12 røyster. (Sp v/Hallvard Oppedal, Beathe Haugland, Jonny Leidvin Langevatn, Jon Ivar Steine, Lars Magnus Neverdal, Ni Is Inge Ynnesdal, Rolf Daniel Midtun, V v/ Aslak Nyhammer, Ap v/ Anne Marit Brekken Oppedal, Odd Harald Eide, June Glenjen Omdahl, Inger Sognefest)

Punkt 6) Administrasjonen legg inn ei ny sak på neste kommunestyremøte : " Tiltak for lokalt næringsliv ". Innspel til tiltak frå kommunestyregruppene . Framlegget fall mot 12 røyster. (Sp v/Hallvard Oppedal, Beate Haugland, Johnny Leidvin Langevatn, Jon Ivar Steine, Lars Magnus Neverdal, Nils Inge Ynnesdal, Rolf Daniel Midtun, V v/Aslak Nyhammer, Ap v/Anne Marit Brekken Oppedal, Odd Harald Eide, June Glenjen Omdahl, Inger Sognefest)

Det vart deretter røysta over endringsframlegg frå Gulen AP. Framlegget vart sam røytes vedteke.

Deretter vart det røysta over framlegg til tilleggspunkt og presisering frå administrasjonen. Framlegget vart samrøystes vedteke.

Til slutt vart det røysta over framlegget frå formannskapet inkl. endringane over. Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret KOM sak 095/21

1) Satsingar og innsparingar.

a) Desse satsingane ligg i økonomiplanen:

Nr	Handlingsregel	Nye tiltak finansiert over drift	B- 2022	ØP- 2023	ØP- 2024	ØP- 2025
Busetnad/ kommunale tenester						
1	ja	Reform Leve heile livet	100 000	100 000	0	0
2		Kommunepsykolog	563 556	563 556	563 556	563 556
3	ja	Golvvaskemaskin	36 000			
4		Auke grunnbemanning open omsorg BBD	1 982 505	1 982 505	1 982 505	1 982 505
5		Auke grunnbemanning PU	250 000	250 000	250 000	250 000
6	ja	Nye lærlingar	100 767	0	0	0
7	ja	Digitalisering, implementering nye verktøy- 1 år pros.	793 002	0	0	0
8	ja	Ombygging av lokala for ekspedisjonen	0	110 000	0	0
9	ja	Klimatilpassing bygg og anlegg	0	100 000	0	0
10		Årleg auke IKT Skule	400 000	400 000	400 000	400 000
11	ja	Læreverk	300 000	0	0	0
12	ja	Redningsbil i Eivindvik	80 000	0	0	0
13	ja	Deponering av eldre arkiv	100 000	100 000	0	0
14		Digitalisering og samarbeid- felles kontaktsenter NH	88 000	88 000	88 000	88 000
15		Tenestekjøp spisskompetanse utviklingssaker	200 000	200 000	200 000	200 000
16		Ressursauke byggesak/ plansak	740 135	740 135	740 135	740 135
17	ja	Ekstra etableringstilskot	260 000			
Infrastruktur/ næringsliv						
17	ja	Reasfaltering	1 000 000	1 000 000	0	0
18	ja	Skredfarekartlegging	200 000	200 000	0	0

19	ja	KDP Naturmangfald	275 000	0	0	0
20	ja	Interkommunal plan for sjøareal	450 000	250 000	0	0
21	ja	Breiband fiber 2	1 904 400	500 000	0	0
22	ja	Tilskot samf.nyttig infrastruktur Furnes	1 020 000	0	0	0
Barn og unge / Kultur						
23	ja	Restaurering Prestegardsmuren	300 000	0	0	0
24	ja	Oppfølging av kulturminneplanen	0	100 000	0	100 000
25		Spesialundervisning	110 000	110 000	110 000	110 000
26	ja	Oppfrisking av skulebibliotek	50 000			
27	ja	Utstyr til kunst og handverk	60 000	0	0	0
28		Beredskap barnevernsvakt	100 000	100 000	100 000	100 000
Sum			11 463 365	6 894 196	4 434 196	4 534 196

b) Disse innsparingane/auke inntekter ligg i økonomiplanen:

Nr	Kostnadsreducerande tiltak/Auke finansiering	B- 2022	ØP- 2023	ØP- 2024	ØP- 2025
1	Driftsomlegging skule	-660 000	-1 456 000	-1 456 000	-1 456 000
2	Strukturtiltak skule	0	0	-1 000 000	-2 000 000
3	Driftsomlegging Dalsøyra bhg	0	-2 160 000	-2 160 000	-2 160 000
4	Gjennomgang finansiering ressurskrevjande brukarar	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000
5	Strukturendring omsorg	0	0	-500 000	-1 000 000
6	Omlegging PU. Bruk av kommunale bustader	-570 000	-570 000	-570 000	-570 000
7	Tilpasning open omsorg, sone Eivindvik	-330 000	-500 000	-500 000	-500 000
8	Tilpasning open omsorg, sone BBD	-670 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
9	Leigeinntekter nytt ambulansebygg	-115 000	-694 000	-694 000	-694 000
10	Finansiere infrastruktur	-1 020 000	0	0	0
11	Finansiere breiband	-1 904 400	-500 000	0	0
12	Finansiere restaurering Prestegardsmur	-300 000	0	0	0
13	Finansiere tilskot og ikkje lovpålagte oppg. m Havbruksfond	-2 700 000	-2 700 000	-2 700 000	-2 700 000
14	Finansiere ekstra etableringstilskot	-260 000	0	0	0
15	Finansiere overgangsordning- Handlingsregel	-15 000 000	-10 000 000	-5 000 000	0
SUM		-25 529 400	-21 580 000	-17 580 000	-14 080 000

c) Disse netto budsjettrammene gjeld i 2022:

Oversyn over løyvingar- drift	Budsjettrammer
1xx Leiar Sentraladministrasjonen	40 828 265
2xx Oppvekst	72 815 280
3xx Helse og omsorg	104 518 517
4xx Plan, landbruk og teknisk/ eigedom	37 780 864
Sum drift	255 942 926

- Administrasjonen får fullmakt til å fordele driftsrammene knytt til postar som er samla budsjettert; verknad lønspott 2021 kap. 4, midlar knytt til kompetanseplan, midlar knytt til lærlingar.

- Administrasjonen får elles fullmakt til å justere rammene for dei ulike områda i tråd med kommunestyret sitt vedtak
- 2) Skatt på inntekt og formue til kommunen føl dei maksimaltakstar som vert fastsett av Stortinget.
 - 3) Med heimel i eigedomsskattelova (esktl.) §§2 og 3 bokstav a) vert det i 2022 skrive ut eigedomsskatt på alle faste eigedomar i Gulen kommune.
 - a. Den generelle eigedomsskattesatsen vert sett til 7 promille (esktl. § 13). Satsane vert differensierte ved at den sats som skal gjelde for bustader og fritidseigedomar vert sett til 4 promille (esktl. §12 a).
 - b. Det vert skrive ut skatt på det særskilte skattegrunnlaget redusert med fire sjuandedelar i 2022 (overgangsregel til §§ 3 og 4 første ledd første pkt.) Skattesatsen på det særskilde skattegrunnlaget er 7 promille.
 - c. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatten nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter (K-sak 11/17) (esktl. §10). Eigedomsskatten skal betalast i fire terminar; mars, juni, september og desember i skatteåret (esktl. §25).
 - d. For bustadeigedomar og fritidseigedomar som ikkje vert nytta til næringsverksemd gjeld eit botnfrådrag på kr 1 kroner av takstverdien (esktl. § 11).
 - e. Desse eigedommane får fritak etter § 7 a) i eigedomsskattelova:
 - I. Alle fylkesvegar
 - II. Asheim grendahus, Austgulen grendahus, Brandangersund samfunnshus, Breidvik/Bålen grendahus, Byrknes samfunnshus, Dalsgrend grendahus, Grendahuset Gulatun, Hisarøy grendahus, Mjømna bygdehus, Nordgulfjorden grendahus, Oppedal grendahus, Sande grendahus, Sygnefest grendahus, Sørøyane grendahus, Takle grendahus, ungdomshuset Vårtun, Brekke stadion, Eivindvik stadion, skyteanlegg på Henriksbø, skyteanlegg på Tjørnleite, skyteanlegg på indre Oppedal, Brekke MC sitt lagshus på Ortneset, Brekke bedehus, Byrknes bedehus, Dalsøyra bedehus, Fivelsdal bedehus treningstova på Byrknes.
 - f. Desse bygningane får fritak etter § 7 b) i eigedomsskattelova: Sellevåg treskofabrikk på gbnr. 76/3, Lovisendal på gbnr. 130/4 og våningshuset på Skjerjehamn på gbnr. 85/2.
 - g. Desse bygningane får fritak etter § 7 c) i eigedomsskattelova: Bygning som heilt eller i nokon mon vert nytta til husvære (heilårsbustad), og som er/blir oppført eller rehabilitert etter 01.01.1999 til ein kostnad på minst kr 500 000, dokumentert etter faktura. Fritaket gjeld i 10 år frå den tid bygningen er/vart ferdig/rehabilitert, eller til kommunestyret endrar eller opphever fritaket (esktl. § 7c).
 - 4) Sats for etableringstilskot i 2022 vert sett til kr 60 000. For utleigeeining kr 30 000. Utanfor byggefelt kr 120 000.
 - 5) Investeringar
 - a) Slikt investeringsnivå for 2022-2025 vert godkjent (2022-summane er bindande):

Prosjekt	Investeringsprosjekt, brutto investeringer	B- 2022	ØP- 2023	ØP- 2024	ØP- 2025
<i>Busetnad/kommunale tenester</i>					

1100	IKT-investering adm	1 200 000	1 200 000	1 200 000	1 200 000
2100	Bil ymse	500 000	300 000	300 000	300 000
2700	Ladepunkt	225 000	0	0	0
3703	Ventilasjon PU-bustader Dalsøyra	150 000	0	0	0
4234	Uteområde Dalsøyra skule	0	1 950 000	0	0
4340	Byrknes barnehage solskjerming	137 500	0	0	0
4900	Ambulansestasjon Dalsøyra	6 900 000	0	0	0
5290	Brannsikring, enøk og oppgradering bygg	900 000	900 000	900 000	900 000
5301	Ombygging av brannstasjon Brekke	570 000	0	0	0
Infrastruktur/næringsliv					
4510	Trafikksikringstiltak	0	1 500 000	0	0
4550	Oppgradering vegar	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
4609	Oppgradering av kummar Hovden-Sløvåg	450 000	0	0	0
4610	Oppgr. vassbeh.anl. Eivindvik vassverk	1 000 000	0	0	0
4612	Avløp Nedre Stølen	700 000	1 700 000	0	0
6441	Bustadfelt ytre Gulen/søre Gulen	0	5 000 000	5 000 000	0
6450	Bustadfelt Dalsøyra	9 500 000	0	0	0
Barn og unge / Kultur					
6151	Tusenårsstaden Gulatinget	0	0	4 500 000	19 000 000
4400	Symjeanlegg	0	1 000 000	40 000 000	39 000 000
Ymse					
6100	Tomtesal	200 000	200 000	200 000	200 000
6110	Investeringstilskot til Gulen kyrkjelege fellesråd	800 000	150 000	150 000	150 000
7000	Utlån husbankmidlar	3 200 000	3 200 000	3 200 000	3 200 000
7012	Avdrag ansvarleg lån til Sløvåg næringsbygg AS	300 000	300 000	300 000	300 000
7016	Avdrag, utlån Gulen Kyrkjelege fellesråd	62 700	62 700	62 700	62 700
7020	Eigenkapitalinnskot KLP	800 000	800 000	800 000	800 000
SUM		29 595 200	20 262 700	58 612 700	67 112 700

b) Investeringane i 2022 skal finansierast slik:

Finansiering av investeringsprosjekt	B- 2022	ØP- 2023	ØP- 2024	ØP- 2025
Sal av fast eigedom	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000
Kompensasjon mva Investeringsrekneskapen	-3 711 300	-2 270 000	-10 280 000	-12 480 000
Overføringar frå fylkeskommunar	0	0	-9 350 000	-9 350 000
Overføringar frå andre (private)	0	0	-10 150 000	-9 350 000
Bruk av lån til vidareutlån	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000
Mottekne avdrag på utlån	-362 700	-362 700	-362 700	-362 700
Mottekne avdrag på vidareutlån	-600 000	-600 000	-600 000	-600 000
Bruk av ubundne fond	-600 000	-600 000	-600 000	-600 000
Bruk av lån	-15 946 200	-14 230 000	-25 070 000	-32 170 000
Overføring frå drift	-6 175 000	0	0	0
SUM	-29 595 200	-20 262 700	-58 612 700	-67 112 700

- c) Ikkje fullførte investeringsprosjekt frå 2021 vert å ta stilling til overføring av i eigen sak.
d) Administrasjonen får fullmakt til å fordele investeringsramme på prosjekt IKT, bilar og Investering kommunale vegar.

6. Med heimel i kommunelova § 14.4 vert låneopptak i 2022 på kr. 15,946 mill. til investeringar godkjent. Opptak av lån til startlån frå Husbanken vert på inntil kr 2 mill.
7. Langsiktige finansielle aktiva etter kap. 4 i finansreglementet vert sett til kr 10 mill.
8. Finansielle måltal for utvikling av kommunen sin økonomi
Jf. kommunelova § 14-2 c). vert det lagt opp til ei utvikling ut frå slike målsettingar i komande fireårsperiode:
 - Netto driftsresultat skal i økonomiplanperioden i snitt vere minimum 0% av brutto driftsinntekter, men skal i perioden gå mot eit måltal på 1%
 - gjeldsgrad (netto lånegjeld i % av driftsinntektene) på maksimalt 90 %,
 - disposisjonsfond på minst 20 % av driftsinntektene
9. Framlegg til handlings- og økonomiplan 2022-2025 med budsjett 2022 vert godkjent.

Vedlegg	Dok.ID
Handlings - og økonomiplan 2022 -2025 med budsjett for 2022 - uttale frå utval og råd	249928
Handlings - og økonomiplan 2022 - 2025 KD sitt framlegg 11.11.21	250735
Fylgeskriv Statsbudsjettet 2022 - kommuneopplegget	248266
Revisjonshonorar 2022	248997
Budsjett 2022 - SEKOM sekretariat	247531
Budsjett 2022 - SEKOM sekretariat - tabell	247532
Budsjett for Gulen kontrollutval 2022, til vidare handsaming 26/21 - sak	246439
Statsbudsjettet 2022 - kommuneopplegget	248267
Budsjett 2022 for SEKOM sekretariat	247530
Uttale til budsjett 2022	249333
211019 - Budsjettinnspel frå kyrkja	250467
Uttale frå Eidsbotn Vel til økonomiplan og budsjett for 2022 vedkomande Hovden barnehage	252439
Anmodning om å legge solskjerming ved Byrknes barnehage inn i budsjett for 2022	252426
Samarbeidsutvalet Byrknes - Innspel til budsjett for 2022 vedk. solskjerming i barnehagen	252392
Uttale frå Fagforbundet til handlings - og økonomiplan 2022 -2025 med budsjett for 2022	252897
Uttale frå Reknes Byggjevare L.L. til handlings - og økonomiplan 2022 -2025 med budsjett for 2022	252887
Uttale frå føresette i Hovden og Dalsøyra barnehage til handlings - og økonomiplan 2022 -2025 med budsjett for 2022	252886
Uttale frå Utdanningsforbundet til handlings - og økonomiplan 2022 -2025 med budsjett for 2022	252884
Gulen og Masfjorden Næringsråd - Uttale til økonomiplan og budsjett for 2022 vedkomande Hovden barnehage	252861
Dalsøyra FAU - Uttale til handlings - og økonomiplan 2022 -2025 med budsjett for 2022	252688

Bakgrunn for saka:

Formannskapet hadde ei innleiande drøfting rundt budsjett på møte 28.10, i

etterkant av politisk arbeidsdag. Dei ulike utval og råd skal handsame budsjettet i møte 11.11.20.

Det er halde drøftingsmøte med tillitsvalde i ein tidleg fase. Endeleg sa Idert framlegg til budsjett vert med dette sendt ut til møte i formannskapet 18.11.

Saksvurdering og konklusjon:

Framlagt handlings - og økonomiplan med budsjett for 2022 er basert på lover og føresegner, samfunnsdelen i kommuneplanen og vidareføring av drifta i dag. Det er tilrådd endringar i drifta gjennom nye tiltak og omprioriteringar ut frå politiske vedtak som er gjort både sentralt og lokalt i løpet av 2021.

Det vert i den politiske handsaminga lagt vekt på brei høyring av saka hjå innbyggjarar og ulike interessegrupper.

For å få eit godt bilete av kommunen sin ståstad, både økonomisk og sett i høve til handling splanen må heile hovuddokumentet (vedlagt) lesast. I dette saksframlegget vert nokre økonomiske punkt kommentert nærare og tiltak, innsparingar og investeringar vert presentert på oversiktsnivå.

Hovuddokumentet som vert lagt fram i år er etter ny mal. Frå politisk hald var det ynskje om at dokumentet skulle innehalde meir informasjon om dei ulike tenestene. Drifta blir difor presentert på tenestenivå. I tillegg har dokumentet fått meir preg av at kommunen må ta ei meir strategisk tilnærming til vidare prio riteringar og satsingar. Arbeidet med ny samfunnsplan vil påverke handlings- og økonomiplanen i tida framover. Dette i form av meir målretta styring. Dette arbeidet vil kommunen jobbe med i året som kjem.

Kommunen har høge inntekter og eit godt økonomisk handlingsrom, men det er kostnadskrevjande å ha fire tettstader med fullverdige teneste - og fritidstilbod til

2 300 innbyggjarar. I samfunnsplanen er det prioritert å bygge vidare rundt dette.

For å sikre ei berekraftig utvikling må kommunen i den økonomi ske planlegginga jobbe med å finne det riktige kostnadsnivået på dei einskilde tenestene. Til dømes viser dei demografiske framskrivingane nedgang i tal barn i barnehage og skule og stor auke i tal eldre over 80 år. Per i dag er mykje av meirforbruket i dr ifta innan omsorg. Samstundes må kommunen ta høgde for nye områder som mellom anna klima, miljø og beredskap.

Administrasjonen vurderer det slik at det er naudsynt å setje i gang eit omstillingsarbeid for å kunne møte dei demografiske endringane på ein fo rsvarleg måte både fagleg og økonomisk - nok ressursar og rett kompetanse. Satsingane må prioriterast opp mot dei utfordringar som møter oss og dekke dei kartlagte behov for gode bu - og arbeidstilhøve.

Handlingsregel

I juni blei det vedteke ein handlingsregel som skal vere med å skjerme bruken av Havbruksfondet og NORM - inntektene frå drifta i kommunen. Det vart vedteke at desse inntektene berre skal kunne nyttast til investeringar knytt til kommuneplanen sine mål, ell er satsingar utan auke på driftsbudsjettet utover 2 år.

Handlingsregelen er meint å skulle ivareta det økonomiske handlingsrommet på sikt, og gjere kommunen i stand til å etablere nye satsingar og investeringar som støtter opp under den nye kommuneplanen sine mål og nye behov framover.

Budsjettåret 2022 er første året kommunen skal budsjettere etter den nye handlingsregelen. Basert på den økonomiske effekten av dagens drift er realiteten at kommunen må nytte fleire år på å omstille seg for å klare kravet i handlingsregelen.

Det blir lagt opp til bruk av Havbruksfondet i drifta med ei nedtrapping med med 5 mill årleg. Dette kan forsvarast på bakgrunn av følgande:

1. Det er pr i dag ingen indikasjon på at ordninga med Havbruksfond skal opphøre.
2. Det er lagt opp til større innsparingar utover i økonomiplanperioden
3. Kommunen går ikkje under måltal på disposisjonsfond i 4 årsperioden

Det er viktig å merke seg over at kommunen har høge inntekter og lav gjeldsgrad, og må difor kunne bruke noko tid på gjere omstillingar i den langsiktige drifta. Omstillingar må til for å utvikle økonomisk handlingsrom for berekraftig utvikling.

Finansielle måltal

Frå 2020 skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal for utvikling av kommunen sin økonomi (jf. kommunelova § 14 -2 c).

Denne planen legg opp til ei utvikling ut frå slike målsettingar i komande fireårsperiode (vert vedtatt i budsjettsaka):

- **netto driftsresultat** skal i økonomiplanperioden i snitt vere minimum 0% av brutto driftsinntekter, men skal i perioden gå mot eit måltal på 1%
- **gjeldsgrad** (netto lånegjeld i % av driftsinntektene) på maksimalt 90 %,
- **disposisjonsfond** på minst 20 % av driftsinntektene

Dei finansielle måltala vert skildra meir omgåande i hovuddokumentet som ligg ved saka.

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

1. Satsingar og innsparingar.

a. Desse satsingane ligg i økonomiplanen:

Nr	Handlingsregel	Nye tiltak finansiert over drift	B- 2022	ØP- 2023	ØP- 2024	ØP- 2025
Busetnad/ kommunale tenester						
1	ja	Reform Leve heile livet	100 000	100 000	0	0
2		Kommunepsykolog	563 556	563 556	563 556	563 556
3	ja	Golvaskemaskin	36 000			
4		Auke grunnbemanning open omsorg BBD	1 982 505	1 982 505	1 982 505	1 982 505
5		Auke grunnbemanning PU	250 000	250 000	250 000	250 000
6		Nye lærlingar	100 767	0	0	0
7	ja	Digitalisering, implementering av nye verktøy- 1 årig prosjekt	793 002	0	0	0
8	ja	Ombygging av lokala for ekspedisjonen	0	110 000	0	0
9	ja	Klimatilpassing bygg og anlegg	0	100 000	0	0
10		Årleg auke IKT Skule	400 000	400 000	400 000	400 000

11	ja	Læreverk	300 000	0	0	0
12	ja	Redningsbil i Eivindvik	80 000	0	0	0
13	ja	Deponering av eldre arkiv	100 000	100 000	0	0
14		Digitalisering og samarbeid- felles kontaktsenter NH	88 000	88 000	88 000	88 000
15		Tenestekjøp spisskompetanse utviklingssaker	200 000	200 000	200 000	200 000
16		Ressursauke byggesak/ plansak	740 135	740 135	740 135	740 135
Infrastruktur/ næringsliv						
17	ja	Reasfaltering	1 000 000	1 000 000	0	0
18	ja	Skredfarekartlegging	200 000	200 000	0	0
19	ja	KDP Naturmangfold	275 000	0	0	0
20	ja	Interkommunal plan for sjøareal	450 000	250 000	0	0
21	ja	Breiband fiber 2	1 904 400	500 000	0	0
22	ja	Tilskot samf.nyttig infrastruktur Furnes	2 000 000	0	0	0
Barn og unge / Kultur						
23	ja	Restaurering Prestegardsmuren	300 000	0	0	0
24	ja	Oppfølging av kulturminneplanen	0	100 000	0	100 000
25		Spesialundervisning	110 000	110 000	110 000	110 000
26	ja	Oppfrisking av skulebibliotek	50 000			
27	ja	Utstyr til kunst og handverk	60 000	0	0	0
28		Beredskap barnevernsvakt	100 000	100 000	100 000	100 000
SUM			12 183 365	6 894 196	4 434 196	4 534 196

b. Disse innsparingane/auka inntekter ligg i økonomiplanen:

Nr	Kostnadsreducerande tiltak/Auke finansiering	B- 2022	ØP- 2023	ØP- 2024	ØP- 2025
1	Driftsomlegging skule	-660 000	-1 456 000	-1 456 000	-1 456 000
2	Strukturtiltak skule	0	0	-1 000 000	-2 000 000
3	Driftsomlegging Dalsøyra bhg	-980 000	-2 160 000	-2 160 000	-2 160 000
4	Gjennomgang finansiering ressurskrevjande brukarar	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000
5	Strukturendring omsorg	0	0	-500 000	-1 000 000
6	Omlegging PU. Bruk av kommunale bustader	-570 000	-570 000	-570 000	-570 000
7	Tilpasning open omsorg, sone Eivindvik	-330 000	-500 000	-500 000	-500 000
8	Tilpasning open omsorg, sone BBD	-670 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
9	Leigeinntekter nytt ambulansebygg	-115 000	-694 000	-694 000	-694 000
10	Finansiere infrastruktur	-2 000 000	0	0	0
11	Finansiere breiband	-1 904 400	-500 000	0	0
12	Finansiere restaurering Prestegardsmur	-300 000	0	0	0
13	Finansiere tilskot og ikkje lovpålagte oppgåver m Havbruksfond	-2 700 000	-2 700 000	-2 700 000	-2 700 000
14	Finansiere overgangsordning- Handlingsregel	-15 000 000	-10 000 000	-5 000 000	0
SUM		-27 229 400	-21 580 000	-17 580 000	-14 080 000

c. Disse netto budsjetttrammene gjeld i 2022:

Oversyn over løyvingar- drift	Budsjetterammer
1xx Leiar Sentraladministrasjonen	41 548 265
2xx Oppvekst	71 835 280
3xx Helse og omsorg	104 518 517
4xx Plan, landbruk og teknisk/ eigedom	37 780 864
Sum drift	255 682 926

Administrasjonen får fullmakt til å fordele driftsrammene knytt til postar som er samla budsjettert; verknad lønspott 2021 kap. 4, midlar knytt til kompetanseplan, midlar knytt til lærlingar.

Administrasjonen får elles fullmakt til å justere rammene for de i ulike områda i tråd med kommunestyret sitt vedtak.

2. Skatt på inntekt og formue til kommunen føl dei maksimaltakstar som vert fastsett av Stortinget.
3. Med heimel i eigedomsskattelova (esktl.) §§2 og 3 bokstav a) vert det i 2022 skrive ut eigedomsskatt på alle faste eigedomar i Gulen kommune.
 - a. Den generelle eigedomsskattesatsen vert sett til 7 promille (esktl. § 13). Satsane vert differensierte ved at den sats som skal gjelde for bustader og fritidseigedomar vert sett til 4 promille (esktl. §12 a).
 - b. Det v ert skrive ut skatt på det særskilte skattegrunnlaget redusert med fire sjuandedelar i 202 2 (overgangsregel til §§ 3 og 4 første ledd første pkt.) Skattesatsen på det særskilde skattegrunnlaget er 7 promille.
 - c. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatte n nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter (K -sak 11/17) (esktl. §10). Eigedomsskatten skal betalast i fire terminar; mars, juni, september og desember i skatteåret (esktl. §25).
 - d. For bustadeigedomar og fritidseigedomar som ikkje vert nytta til næringsverksemd gjeld eit botnfrådrag på kr 1 kroner av takstverdien (esktl. § 11).
 - e. Desse eigedommane får fritak etter § 7 a) i eigedomsskattelova:
 - I. Alle fylkesvegar
 - II. Asheim grendahus, Austgul en grendahus, Brandangersund samfunnshus, Breidvik/Bålen grendahus, Byrknes samfunnshus, Dalsgrend grendahus, Grendahuset Gulatun, Hisarøy grendahus, Mjømna bygdehus, Nordgulfjorden grendahus, Oppedal grendahus, Sande grendahus, Sygnefest grendahus, Sørøya ne grendahus, Takle grendahus, ungdomshuset Vårtun, Brekke stadion, Eivindvik stadion, skyteanlegg på Henriksbø, skyteanlegg på Tjørnleite, skyteanlegg på indre Oppedal, Brekke MC sitt lagshus på Ortneset, Brekke bedehus, Byrknes bedehus, Dalsøyra bedehus, Fivelsdal bedehus treningstova på Byrknes .
 - f. Desse bygningane får fritak etter § 7 b) i eigedomsskattelova: Sellevåg treskofabrikk på gbnr. 76/3, Lovisendal på gbnr. 130/4 og våningshuset på Skjerjehamn på gbnr. 85/2.

- g. Disse bygningane får fritak etter § 7 c) i eigeomsskattelova: Bygning som heilt eller i nokon mon vert nytta til husvære (heilårsbustad), og som er/blir oppført eller rehabilitert etter 01.01.1999 til ein kostnad på minst kr 500 000, dokumentert etter faktura. Fritaket gjeld i 10 år frå den bygningen er/vart ferdig/rehabilitert, eller til kommunestyret endrar eller opphever fritaket (esktl. § 7c).

4. Sats for etableringstilskot i 2022 vert sett til kr 40 000. For utleigeining kr 20 000. Utanfor byggefelt kr 100 000.

5. Investeringar

- a. Slikt investeringsnivå for 2022 -2025 vert godkjent (2022 - summene er bindande):

Prosjekt	Investeringsprosjekt, brutto investeringer	B- 2022	ØP- 2023	ØP- 2024	ØP- 2025
Busetnad/kommunale tenester					
1100	IKT-investering adm	1 200 000	1 200 000	1 200 000	1 200 000
